



# Flaggreglement for Voss herad, 17.12.2020

## 1 Mål

Dette reglement med vedlegg gjeld for flagging på flaggstenger i tilknytning til bygg, einingar og institusjonar som vert drivne av Voss herad

## 2 Reglementet gjeld for

Alle einingar i Voss herad.

## 3 Reglement

1. Det skal flaggast på einingane ved:
  - a. Offisielle flaggdagar
  - b. Kommune- og fylkestingsval
  - c. Gravferd til kommunalt tilsette på eininga
  - d. Det blir flagga på skulen i kvar bygd i samband med konfirmasjon
  - e. Kvar skule skal flagga på første skuledag
2. Det kan flaggast på einingane når einingsleiar finn dette naudsynt etter vanleg skikk og bruk.
3. Det skal flaggast på Voss tinghus ved:
  - a. Offisielle flaggdagar
  - b. Kommune- og fylkestingsval
  - c. Gravferd til kommunalt tilsette
  - d. Kvinnedagen 8. mars
  - e. Nordens dag, 23. mars
  - f. Første skuledag
  - g. Pridedagen
  - h. Samefolkets dag
4. Voss herad flaggar med Sameflagget på samefolkets dag ved Voss Tinghus.
5. Voss herad flaggar med Prideflagget på Pridedagen Voss Tinghus.
6. Det kan flaggast ved Voss tinghus ved større arrangement i heradet, og elles når Rådmannen, eller den som har delegert mynde, finn det naudsynt etter skikk og bruk.
7. Det skal flaggast med kommuneflagget på Voss tinghus:
  - a. Når heradsstyret har møte
  - b. På kommunale merkedagar
8. Det kan flaggast med kommuneflagget på kommunehuset etter vedtak frå Rådmannen,



eller den som har delegert mynde.

9. Voss herad flaggar etter oppmoding frå statlege styremakter ved fest eller sorg i landet, i samband med besøk frå Kongehuset og ved større arrangement i heradet.
10. I månadene mars – oktober skal flagg heisast klokka 08.00, i månadene november – februar klokka 09.00. Flagg skal firast ved solnedgang, likevel ikkje seinare enn klokka 21.00.
11. Einingsleiar ved den enkelte institusjon er administrativt ansvarleg for at flagging vert utført. Ved Voss tinghus er det bygg- og eigedomsavdelinga som har ansvar for flagging.
12. Den som vert engasjert for å utføre flagginga har krav på godtgjering etter gjeldande lov- og avtaleverk.

## 4 Implementering og revidering

Den enkelte einingsleiar har ansvar for å flagga på si eining. Ved Voss tinghus er det bygg- og eigedomsavdelinga som har ansvar for å flagga.

Reglementet er politisk vedteke, og heradsstyret kan be om revidering

## 5 Referansar og vedlegg

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1933-06-29-2>

<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/1927-10-21-9733>



## Vedlegg

Dei offisielle flaggdagane er å finna i [forskrift nummer 9733 av 21. oktober 1927](#).

Pr. 17.12.20:

1. januar	1. nyttårsdag
21. januar	H.K.H. Prinsesse Ingrid Alexandra sin fødselsdag
6. februar	Samefolkets dag (Sameflagget skal nyttast)
21. februar	H.M. Kong Harald V sin fødselsdag
1. mai	Offentleg høgtidsdag
8. mai	Frigjeringsdagen 1945
17. mai	Grunnlovsdagen
7. juni	Unionsoppløysinga 1905
4. juli	H.M. Dronning Sonja sin fødselsdag
20. juli	H.K.H. Kronprins Haakon Magnus sin fødselsdag
29. juli	Olsokdagen
19. august	H.K.H. Kronprinsesse Mette-Marit sin fødselsdag
25. desember	1. juledag

Andre dagar: 1. påskedag  
1. pinsedag  
Dagen for Stortingsvalet

## Dokument – ID

Utarbeidd av: *Innbyggjarservice*

Godkjend av/dato: Voss heradsstyre, 17.12.2020, sak 128/20

Revidert:

Neste revisjon:

Saksnummer i 360 online: 20/06897